

Gruppeoppgåve til «Arealrekneskap med Agdermetoden»

[Lenke til Arealregnskap](#)

1. Vel din kommune og filtrer på «planreserve» øvst i kartdashboardet. Til venstre i dashboardet står det «Grupperte arealformål». Klikk på arealformålet «Bolig eller sentrumsformål» i grafen. Kor mange dekar planreserve har dette arealformålet? Bruk talet og sjå dette i samanheng med endring i folketal mot 2038 for kommunen (tabell under). Diskuter litt rundt dette i gruppa.
2. Klikk på stolpen i grafen som viser «Næringsvirksomhet» til venstre i dashboardet. Vel deretter «fulldyrka» og «myr» i grafen under med arealtyper. Noter ned kor mykje næringsareal som er planlagt på desse to arealtypeane. Noter også kor mange tonn CO²-ekvivalentar som sleppast ut ved utbygging i myr og fulldyrka jord. Diskuter i gruppa korleis dette verkar inn på [nasjonale mål for omdisponering av dyrka jord \(Landbruksdirektoratet\)](#) og [mål om netto null utslepp frå arealbruk \(miljodirektoratet.no\)](#)
3. Kva kan dette verktøyet nyttast til? Diskuter i gruppa.

Tabell som viser endring i folketal for kommunane mot 2038:

Kommune	Endring i tal
Kristiansund	91
Molde	1 078
Ålesund	3 306
Vanylven	-379
Sande	-7
Herøy	-493
Ulstein	363
Hareid	62
Ørsta	-306
Stranda	23
Sykkylven	-510
Sula	1 123

Giske	1 068
Vestnes	-200
Rauma	-133
Aukra	351
Averøy	379
Gjemnes	116
Tingvoll	-56
Sunndal	-674
Surnadal	-554
Smøla	-84
Aure	-116
Volda	795
Fjord	-14
Hustadvika	116